



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Anleggsarbeid i sjø for å etablere ny containerhamn - Måsholmen i Florø - søknad om løyve etter forureiningslova- høyringsfrist 19. oktober 2026

Statsforvaltaren i Vestland viser til vedlagte søknad om løyve etter forureiningslova frå Måsholmen Utvikling AS, underteikna 31. august 2026, samt oppdatert massehåndteringsplan datert 2. september 2026 utarbeidd av iVest Consult AS.

Saka vart opphavleg sendt på høyring i mai 2024. Behandlinga vart den gongen stilt i bero i påvente av avklaring av den kommunale reguleringsplanen. Kinn kommunestyre har no i møte den 19. mai 2026 (sak KOST-073/26) vedteke *Detaljregulering for Måsholmen – Håskjær, gbnr. 28/3, næring og hamn (PlanID 20220102)*.

Formålet med tiltaket er å etablere eit nytt hamne- og næringsområde ved Måsholmen–Håskjera i Florø. Det er planlagd ei ny containerhamn med djupvasskaiar som kan ta imot skip opp til 150 meters lengde.

Anleggsarbeida i sjø omfattar:

- Utfylling i sjø: Totalt fyllingsbehov opp til kote +2,7 er berekna til 823 138 m³. Brutto fyllingsvolum utgjer inntil 1 142 333 m³ over 129 258 m² sjøbotn, noko som vil opparbeide ca. 72 daa nytt landareal. Massane skal i hovudsak leverast med lekter frå regionale overskotskjelder (inkludert Stad skipstunnel frå 2027).
- Undervasssprenging: Det skal utførast undervasssprenging ned til kote -12 for å oppnå nødvendig manøvrerings- og seilingsdybde framfor kai. Omfanget er berekna til opptil 100 000 m³ masse over ca. 6 000 m² sjøbotn.
- Mudring: Det vert søkt om mudring/flytting av reine lausmassar (skjellsand og sediment) som leggst direkte inn i sjøfyllinga.
- Tidsramme: Arbeida er planlagde gjennomførte stegvis i perioden frå hausten 2026 til 2029.

Reguleringsplanen fastset følgjande føresegner som er direkte relevante for saksbehandlinga etter forureiningslova:

1. Gytetidsforbod (Pkt. 2.1.7 k): Det er ikkje tillate med utfylling i sjø i gytetida for kysttorsk, dvs. i tidsrommet frå og med 1. februar til og med 30. april.
2. Skjerming av oppvekstperiode (Pkt. 2.1.7 l): Det skal settast i verk fagleg vurderte avbøtande tiltak mot spreiding av finpartiklar i vassmassane gjennom perioden for bunnslåing og tidleg oppvekst, frå og med 1. mai til og med 15. juni.



3. Miljøkvalitet på massar (Pkt. 2.1.7 e): Massar som nyttast til utfylling, og som kan lekke, skal ha betre miljøkvalitet enn tilstandsklasse III i samsvar med vanndirektivet sitt klassifiseringssystem.
4. Tildekking av forureining (Pkt. 5.1.1 d): Ved utfylling i område BAA2 skal forureina punkt (stasjon P2) tildekkast før utfylling for å hindre oppvirvling av miljøgifter, og real-time overvåking skal vurderast.

Måsholmen Utvikling AS har i søknaden og massehåndteringsplanen lagt til grunn følgjande avbøtande tiltak:

- Skjerming av gytetid og støy: Ingen undervasssprenging eller utfylling i gytetida for kysttorsk (1. febr – 30. april).
- Akustisk vurdering og boblegardin: Før undervasssprenging vert det gjennomført ein akustisk fagvurdering av ladningsstorleik, sprengemetode og fordemming. Dersom vurderinga viser behov, vil boblegardin bli etablert for å dempe trykkbølger og lyd i sjøen.
- Partikkelspreiing: Bruk av siltgardin og real-time sensorovervåking under anleggsarbeidet for å sikre at akseptable grenseverdier for partikkelspreiing ikkje overskridast.
- Plastkompensasjon: Kontraktskrav til entreprenørar om positivt plastrekneskap, der plastforbruk kompensert gjennom lokal strandrydding i nærområdet.
- Erosjonssikring og geoteknikk: Fyllingane plastrast med tung stein (2,1–2,8 tonn) og ordna raus, underlagt fagleg geoteknisk oppfølging.

Ber om eventuelle uttaler innan 19. oktober 2026

Statsforvalteren ber om uttale fra kommune om handtering etter plan- og bygningslova og evt. andre merknader. Vi ber Museum Vest, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 19. oktober 2026. Uttaler kan sendes til sfvlpost@statsforvalteren.no merka 2024/4957.

Søknaden med vedlegg, reguleringsplanvedtaket og massehåndteringsplanen vert gjort tilgjengelige på Statsforvaltaren si heimeside: www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om fylling i sjø Måsholmen 2026.09.pdf
- 2 søknad 31 august 2026
- 3 Massehåndteringsplan Måsholmen
- 4 reguleringsplan Føresegner
- 5 Gjentatt slutthandsaming av detaljregulering for Måsholmen



Kopi til:

Måsholmen Utvikling AS
iVest Consult AS

Mottakerliste:

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Bergen Sjøfartsmuseum			
Sør-Noregs Fiskarlag			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Høringsradaren			